



Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1925 - 15/27691

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2015

Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett -gbnr 134/450

Teknisk drift viser til synfaring 14. august 2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentlig leidningsnett.

Følgjande vart avtalt under synfaringa:

Villanger & Sønner skulle sende inn oppdatert situasjonskart og lengdesnitt som viser mur i forhold til kommunalt leidningsnett i fortau. Avdelingsleiar for vatn og avlaup bekrefta, under synfaringa, at kommunalt leidningsnett ligg i fortau og ikkje i veg som vist i søknad.

Spillvassleidning er lokalisert midt i kommunalt fortau, innanfor dette (mot gbnr 134/450) ligger vannleidning og ovevannsnett. Det vart også registrert at eigedomsgrense går ut i kommunalt fortau. Del av eigedom som ligg i kommunalt fortau vil være offentleg vegareal med kommunalt leidningsnett uavhengig av kven som står som eigar av grunn. Avstand mellom mur og innerkant fortau skal derfor målast frå innerkant fortau slik dette er etablert.

Vedtak:

Teknisk drift har, per e-post datert 21.08.2015, motteke nytt situasjonskart og lengdesnitt. Situasjonskart og lengdesnitt vert ikkje godkjent slik det ligg føre da dette ikkje er i samsvar med kommunalteknisk anlegg slik dette er opparbeida. I innsendt materiale er kommunalteknisk anlegg registrert i vegbane. Dette ligg, som nemnt over, i kommunalt fortau.

For å få fortgang i saka vert det gitt dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (mur) og innerkant fortau (slik fortau ligg i dag) skal være minimum 1,0m. Avstand frå leidningsnett og til mur vert da tilsvarande.
- Mur skal være forsvarleg fundamentert på fast fjell. Det skal sendast inn dokumentasjon på at mur er forsvarleg fundamentert til fjell. Dersom det ikkje er muleg å fundamentere mur til fast fjell, skal mur være fundamentert under botn leidningsnett, slik at det ikkje er fare for utrasning av mur under arbeid på leidningsnett.



Dispensasjon frå byggegrense mot veg:

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og innerkant fortau skal være minimum 1,0m slik at kommunal grøft vert oppretthalde.
- Mur skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med siktsone i avkjørsel frå kommunal veg. Siktsone skal være som vist på innsendt situasjonskart.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, fortau, veggrøft, vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på mur under drift og vedlikehold av kommunalteknisk anlegg er dette kommunen uvedkommende. Eigar av mur må sjølve sørge for og dekke kostnadene ved utbedring av disse.

Det er med heimel i Standard Abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser - VA norm for Lindås kommune, samt §§ 29-30 i Veglova at Teknisk drift skal sette krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup).

Klage:

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottar vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar vatn og avlaup
Lindås kommune ved byggjesak

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS